


Urframføring på julekonserten

13.12.2013



Svein Rimestad har skrivne julesong

Den tradisjonelle julekonserten i kyrkja søndag klokka 19 har fleire høgdepunkt, men det er heilt spesielt at urframføring av ein lokalkomponert julesong finn stad. Uskedalingen Svein Rimestad har vore meister for teksten og Røysterett-dirigent Maria Malmsten for melodien. Koret har øvd iherdig på Snart er det morgon. Ellers har konserten det tradisjonelle, allsidige og vakre programmet og det eventuelle overskotet går til kyrkjelydsarbeidet i soknet.

Gjestane møtar musikk allereie når dei kjem inn gjennom kyrkjedøra - det er Uskedal Musikklag som byrjar å spele ein liten halvtime før sjølve konserten startar.

Sjølve konserten tek til med allsong og så slepp skulemusikken til - med Tor Skeie Olsen som dirigent. Så kjem ein allsong til og deretter syng Åsne Kvamme og Tore Kloster akkompagnert av kveldens organist Marit Lindekleiv. Dei har til dømes både O helga natt og Det hev ei rose sprunge på kveldens repertoar.

Andakten denne kvelden er det prostiprest Pål Dale som har ansvaret for.

Etter andakten kjem Røysterett for alle og før urframføringa syng koret mellom anna ein gamal nederlandsk julesong som Svein Rimestad har omsett til norsk. Koret har 6 songar på programmet i konserten og sluttar av med Glade jul.

Kvinnherad Trekkspelklubb sviktar ikkje denne gongen heller og det er Pucell og Pachelbel som skal tolkast denne gongen før det sjølvsegte punktum vert sett. Det er Deilig er jorden som allsong.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Trekkspelklubben under leiing av Nils Naasen spelar i kyrkja også i år